



Stord vatn og avlaup KF  
Postboks 304  
5402 Stord

## Rapport frå tilsyn 28. mai 2014 og varsel om vedtak om å sende forpliktande framdriftsplan for å støtte reinsekrav

Rapportnummer: 2014.037. I.FMHO

### Kontaktperson ved tilsynet:

Frå verksemda:  
Sivert Haaland

### Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Britt Solheim  
Magne Nesse

## Resultat frå tilsynet

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå tilsynet. Under punkt 9 i rapporten er det varsla vedtak om at kommunen skal senda Fylkesmannen ein forpliktande framdriftsplan for å støtte reinsekrav gjeve i løyvet.

Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 5 avvik og 1 merknad under tilsynet. Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Stord vatn og avlaup KF skal innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

Sissel Storebø e.f.  
senioringeniør

Britt Solheim  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Stord kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Stord vatn og avlaup KF	<b>Anleggsnr.:</b> 2121.0065.01
<b>Besøksadresse:</b> Rundehaugen 45, Heiane industriområde, 5412 Stord	
<b>Postadresse:</b> Postboks 304, 5412 Stord	
<b>E-post:</b> sivert.haaland@stord.kommune.no	<b>Telefon:</b> 53 49 66 00
<b>Kommune:</b> Stord	<b>Organisasjonsnr.:</b>
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.110	<b>Eigar (org.nr.):</b> 939866914
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 9. januar 2012	<b>Risikoklasse:</b> 3

## 2. Bakgrunnen for tilsynet

Tilsynet var del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollera om kommunane held miljøkrava til avløpsanlegga og om kommunane førebur seg godt nok på forventa klimaeffektar som til dømes auke nedbørmengde. Aksjonen er ei oppfølging av aksjonane som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- mål og strategi for avløpssektoren
- handlingsplanar/saneringsplanar
- klimaendringar og klimatilpassing
- overløp
- leiingsnett
- akkreditert prøvetaking
- etterleving av reinsekrav
- driftsstabilitet i reinseanlegg
- risikovurdering av avløpsanlegget
- framdrift for stetting av reinsekrav gjeve i løyvet datert 9. januar 2012

Deltakarliste:

<b>Frå Stord vass og avlaup KF (SVA)</b>	<b>Rolle</b>
Sivert Haaland (delvis)	Daglig leiar SVA
Katrine Andersen	Kvalitetssjef
Arnstein Hetlesæter	Fag- & utviklingssjef
Øyvind Lothe	Avdelingsleiar drift VA
Sigbjørn Horneland	Formann pumpestasjonar/ reinseanlegg
<b>Frå Fylkesmannen i Hordaland</b>	
Britt Solheim	Leiar av tilsynet
Magne Nesse	Deltakar på tilsynet

## 3. Oppfølging etter tilsynet

Kommunen pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2014** sende ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta og/eller ein tidfesta plan for korleis retting av avvik skal gjennomførast.

## Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon som nemnt ovanfor innan **1. september 2014**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ein tvangsmulkt blir gitt dersom Fylkesmannen ikkje har motteke dokumentasjon som nemnt ovanfor innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 28. mai 2014 at Stord vatn og avlaup KF skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3 for hovudavløpsanlegg. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet. Fastsetjing av gebyrstørrelse er ikkje eit enkeltvedtak med klagerett.

## 5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta kapittel 11
- forureiningsforskrifta kapittel 14
- internkontrollforskrifta
- dokumentasjon tilsendt Fylkesmannen i samband med tilsynet
- løyvet av 9. januar 2012

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no), [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

## Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkjerheitslovgjevinga (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## **7. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

### **Avvik 1 Kommunen har ikkje gjort tilstrekkelege førebuingar for å tilpasse avløpsanlegget til framtidige klimaendringar**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risikovurdering)

#### **Kommentar**

Stord vatn og avlaup KF (SVA) har ikkje systematisk undersøkt korleis avløpsanlegga vil bli påverka av framtidige klimaendringar. Kommunen har ikkje gjort vurderingar eller utrekningar av kva for konsekvensar og verknader forventa framtidige nedbørmengder eller stormflo/havnivåstigning vil ha på avløpsnett. Nedbørsprognoser er ikkje omsett til verknader på avløpsnett ved modellutrekningar eller ved andre vurderingar. Det er ikkje sett minste høgd for bygging ved sjø for å ta høgde for framtidig stormflo slik at man reduserer risiko for sjøvatn inn i avløpsanlegga.

SVA har ansvar for kommunal overvasshandtering. I rullering av kommunedelplan avløp og vassmiljø skal konsekvensar av klimaendringar for avløpsnett utgreiast. Det skal i 2015 utarbeidast ein overvassnorm samt ein kommunedelplan for overvatn. Når SVA legg nye leidningar så nyttar dei Bergen kommune sin overvassnorm og går som regel opp ein dimensjon som sikkerhet for framtidig auka vassmengder. Sanering av felleisleidningar har høgst prioritet for å redusere overvatn på spillvassleidningar/overløp, samt redusera risiko for tilbakeslag hos abonnentar.

### **Avvik 2 Skriftlege rutinar for drift og vedlikehald av avløpsnett er ikkje oppdatert**

**Avvik frå:** Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7

#### **Kommentar**

Rutinar for drift og vedlikehald av leidningsnett, pumpestasjonar og overløp er ikkje oppdatert, eller manglar. På tilsynet blei det opplyst av SVA har starta ein oppdatering av internkontrollen i et nytt nettbasert system. Skriftlige rutinar skal utarbeidast og/eller oppdaterast.

### **Avvik 3: Kommunen kan ikkje dokumentere om dei overheld reinsekrava for utslepp til vatn i 2013**

**Avvik frå:** Vilkår i løyvet punkt 2.3 Reinsekrav- utsleppskrav  
Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 (førebyggje lovbrøt)

#### **Kommentar:**

Utsleppskontroll for reinseanlegga er ikkje innført i tråd med krav i gjeldande utsleppsløyve.

Krava for reinsing av avløpsvatn i utsleppsløyvet av 1. februar 1995 (punkt 1.4 i vedlegg 2) er gjeldande fram til eksisterande anlegg er oppgradert, eller nytt anlegg er sett i drift, seinast 31. desember 2015, jf. punkt 2.3 Reinsekrav- utsleppskrav i nytt utsleppsløyve. Kommunen må dokumentere at reinseanlegga held attende ein mengde slam som svarar til 50 g slam pr. pe og døgn med 20 % TS.

#### **Avvik 4: Miljøriskovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå.** Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (vurdere risiko)

##### **Kommentar.**

SVA har utarbeidd ei skriftleg miljøriskovurdering (datert 15. mai 2014) for Djupaviko, Frugarden og Kårevik reinseanlegg og for leidningsnettet generelt. Risikovurderinga er mangelfull handsama for nokre område. Til dømes er overløp/pumpestasjonar ute på nettet og klimatilpassing ikkje risikovurdert. Det er ikkje utarbeidd ein handlingsplan for kva for tiltak som skal gjennomførast og kven som har ansvar, samt ikkje utarbeidd skriftleg rutine for oppdatering av risikovurderinga.

Det er positivt at SVA er i gong med miljøriskovurdering, og Fylkesmannen anbefaler at metodikk i Norsk Vann rapport 197/2013 "Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytre miljø" vert nytta i det vidare arbeidet.

#### **Avvik 5: Kommunen har ikkje send årsrapport for 2013 til Fylkesmannen**

**Avvik frå:** Løyvet av 9. januar 2012 punkt 3.2 Rapportering til Fylkesmannen

##### **Kommentar til regelverket:**

Kommunen skal sende årsrapport til Fylkesmannen innan 1. mars kvart år. Kommunen har ikkje sendt årsrapport for driftsåret 2013.

## **8. Merknader**

Vi har gitt følgjande merknad under tilsynet:

### **Merknad 1: Saneringsplan er ikkje oppdatert**

##### **Kommentar:**

Oppdatert saneringsplan blir ein del av kommunedelplan for avløp og vassmiljø, som er venta vedtatt i desember 2014. SVA sanerer årleg kjende problemstrek, føretar fornying av pumpestasjonar og sanerer avløpsleidningar som må utskiftast som fylgje av andre anleggstiltak (vatn, veg mv). Omlegging av fellesleidningar til separatleidningar vert prioritert. SVA har i snitt dei tre siste åra fornya 1,2 km avløpsleidning pr. år, det utgjør 0,6 % av total lengde avlaupsleidning. (kjelde: KOSTRA). SVA fylgjer investeringsprogram 2014-2017 som inneheld ei avgrensing på 30 millionar kroner til reine saneringstiltak for avløp, samt andre saneringstiltak som vert samkøyrd med vasstenesta mv.

## **9. Framdrift for å stette reinsekrav gjeve i løyvet. Varsel om å oversende forpliktande framdriftsplan innan 31. desember 2014**

Stord vatn og avlaup KF (SVA) klarer ikkje tidsfristen (31. desember 2015) sett i løyve for å oppfylle primærreinskravet for Stord tettstad. SVA er i prosess med å utarbeide oppdatert kommunedelplan avløp som er forventast første gongs politisk handsama i august 2014. Deretter skal planen leggast ut på høyring. Det er forventast at planen vert endeleg vedtatt i desember 2014. Planen skal innehalde tekniske løysingar og framdriftsplan for etablering av fire nye hovudreinsanlegg for Stord tettstad, med overføring av dei 29 eksisterande kommunale utsleppa til desse nye reinseanlegga.

Miljødirektoratet har gitt Fylkesmannen i oppgåve å innhente forpliktande framdriftsplanar frå dei kommunane som ikkje klarer å støtte primærreinsekravet innan 31. desember 2015. Fylkesmannen kan endre løyvet med nye tidsfristar for å støtte primærreinsekravet på bakgrunn av framdriftsplanen. Vi forventar at kommunane held ei stram framdrift for å støtte kravet. Fylkesmannen vil vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt til eventuell manglande framdrift.

Fylkesmannen vil presisere at tiltaka for å støtte primærreinsekravet for tettstaden omfattar både det å byggje nye avløpsreinseanlegg og overføre dei eksisterande utsleppa som er innanfor Stord tettstad til desse nye reinseanleggja, jamfør definisjonen av tettstad i forureiningsforskrifta §11-3 bokstav m.

Framdriftsplanen må minst innehalde:

- tekniske løysingar
- kostnader
- eventuell avhengigheit av andre tilhøve/prosjekt som kan påverke framdrifta og som ikkje kommunen rår over (til dømes samordning med vegutbygging)
- tidspunkt for når dei ulike tiltaka er gjennomført

For dei tiltaka som gjeld overføring av eksisterande utslepp til dei nye reinseanlegga ber vi om ei grunngjeving for:

- kvifor dei ulike tiltaka er prioritert slik dei er
- omtale av utsleppet som skal overførast (reinseanlegget sin funksjon, ureinsa, utsleppsdjupn, brukarkonfliktar, forureiningsverknader)

Fylkesmannen har heimel i forureiningslova § 51 til å innhente ein forpliktande framdriftsplan for å støtte primærreinsekravet. For å halde god framdrift varslar Fylkesmannen med dette at vi vil fatte vedtak om at ein forpliktande framdriftsplan skal sendast Fylkesmannen **innan 31. desember 2014**. Kommunen kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan fire veker etter at denne rapporten er motteken.

## 10. Andre forhold

Kommunen har 187 km avløpsleidningar, der 28 km er fellesleidningar (15 %) og 159 km er separate spillvassleidningar. Det fins 120 km separate overvassleidningar i tillegg.

Kommunen har 38 pumpestasjonar. Av desse er 5 nye med registrering av både tid og mengde vatn som går i nødoverløp. Dei andre 33 registrar berre tid. Det er tre regnvassoverløp på fellesleidningane og desse er utstyrt med partikkelseparerande utstyr (hvirveloverløp). Overløpsleidningar (frå pumpestasjonar og regnvassoverløp) skal førast ut til minus 10 meter i sjø der dette er mogeleg og alle overløp til ferskvatn skal ha slamavskiljar før utslepp. Arbeidet med å stetta desse interne krava er ikkje fullført. Bakterierprøver blir tatt ved badeplassane i sesongen.

Alarmer frå pumpestasjonar og reinseanlegg vert overført til PC/mobil for driftsovervaking. Det er 24 timars vaktordning. Avtale med lokale entreprenørar er inngått for utbetring av akutte hendingar.

SVA har eit oppdatert leidingskartverk (Gemini VA). Det er filma mange km av leidningsnett for å få oversikt over tilstanden.